



Handlingsplan for trygt og godt barnehagemiljø

Verksemd 21- Oppvekstsentera



Innhald

1.	Innleiing	2
2.	Lovgrunnlaget.....	3
	Barnehagens arbeid etter lov om barnehagar kap. 8, § 41.....	3
	Barnehagens arbeid etter lov om barnehagar kap. 8, § 42.....	3
	Barnehagens arbeid etter lov om barnehagar kap. 8, § 43.....	3
3.	Forventningar til vaksenrolla.....	4
4.	Ansvar- og rollefordeling.....	4
5.	Definisjon av ulike omgrep.....	4
5.1	Krenking.....	4
5.2	«Trygt og godt» barnehagemiljø.....	4
5.3	Sårbare barn og barnegrupper.....	4
5.4	Nulltoleranse mot mobbing	5
6.	Førebyggjande tiltak på barnehage-, gruppe-, og individnivå	5
7.	Rutinar for kommunikasjon og informasjon	6
8.	Varslingsplikt	6
9.	Konkrete rutinar knyta til kvar enkelt av delpliktane i § 41	7
10.	Rutinar for undersøkingar i saker etter § 42	8
11.	Konkrete rutinar knyta til kvar enkelt av delpliktane i § 43	9
12.	Rutinar knyta til korleis den skjerpa aktivitetsplikta overfor særskilt sårbare barn	9
13.	Sanksjonar og konsekvensar	10
14.	Informasjonsflyt ved overgangar	10
14.1	Overgang heim-barnehage.....	10
14.2	Overgang lita - stor avdeling	11
14.3	Overgang barnehage – skule.....	12
15.	Oppfølging av brukarundersøkingar.....	13
16.	Evaluering av handlingsplanen	13

1. Innleiing

Oppvekstsenter har nulltoleranse mot mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men også mot mindre alvorlege krenkingar. Dette er eit sentralt oppdrag og ansvar for heile oppvekstsenteret.

Arbeidet med barnehagemiljøet omfattar både det fysiske og det psykososiale miljøet og vi arbeider dagleg for å førebygge og hindre at barna opplever å bli krenka. Vi jobbar for å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø for barna.

Stavanger kommune har i rundskriv 01.01.2021 sett fast prosedyrar og rutinar knytt til arbeidet med barna sitt barnehagemiljø. Rundskrivet byggjer på lovkravet i Lov om barnehager kap 8, §41-43. Denne handlingsplanen er utarbeida i tråd med desse dokumenta.

Alle planar, tiltak og handlingar skal ha fokus på barnet sitt beste som grunnleggjande omsyn, jf. artikkel 3 i barnekonvensjonen.

Det er ein føresetnad at alle tilsette, barn og føresette kjenner barna sin handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø. Planen skal årleg handsamast og evaluerast i SU/SMU og i personalmøte.

Denne planen inneholder ein oversikt over arbeidet på oppvekstsentera som skal bidra til å sikre barna eit trygt og godt barnehagemiljø på oppvekstsentera. Her finn du barnehagane sine skriftlege rutinar for førebygging, samt korleis barnehagen hanterer situasjonen når det blir avdekkja at eit barn blir krenka og ikkje har det trygt og godt i barnehagen.

Leiinga og samarbeidsutvalet jobbar saman for å fremje dette arbeidet.

Alice Hetland
Assisterande rektor

Hanna Skartveit
Assisterande rektor

Silje Vignes Flesjå
Konsulent

Hilde Folkvord Juul
Verksemdsleiar, Fogn-, Ombo- og Sjernarøy oppvekstsenter

2. Lovgrunnlaget

Barnehagens arbeid etter lov om barnehagar kap. 8, § 41

Denne planen skal gjøre i barnehagen sitt systematiske arbeid med det psykososiale barnehagemiljøet for barn, tilsette og foreldre meir forutsigbart. Den skal vera retningsgivande og vise kva barnehagen gjer for å sikre barna sin rett til eit trygt og godt barnehagemiljø.

§ 41, nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

Barnehagens arbeid etter lov om barnehagar kap. 8, § 42

§ 42, aktivitetsplikt

- Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.
- Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.
- Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.
- Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.
- Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak

Barnehagens arbeid etter lov om barnehagar kap. 8, § 43

§ 43, skjerpet aktivitetsplikt

Dersom en som arbeider i barnehagen, får kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer.

Styrer skal melde fra til barnehageeier. Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeieren direkte.

Undersøkelser og tiltak etter § 42 tredje og fjerde ledd skal iverksettes straks.

3. Forventningar til vaksenrolla

Positivt syn på barnet: Det betyr at vi møter barna med respekt, vi ser det enkelte barnet, lyttar til dei, tar dei på alvor, og viser omsorg.

Autoritative vaksne: Barna møter den same grunnhaldninga hjå alle vaksne. Den autoritative vaksne er ein tydeleg og trygg voksen som har god relasjon til alle barna. Vaksenrolla er ein kombinasjon av støtte og kontroll. Ikkje kjefte, men ha ein vegleiane kompetanse.

Anerkjennande veremåte: Vi skal ta barna på alvor, og sjå barna sine behov. Vi skal lese situasjonane, og vise respekt. Vi skal sjå barnet som eit subjekt og ta barneperspektivet. Vi skal vere empatiske og ha fokus på god og lyttande kommunikasjon.

Merksame vaksne: Vi skal vere merksame vaksne, med vilje til å følgje med og ha oversikt. Vere trygge og tilstades. Vi skal vere i forkant av situasjonar for å unngå at utageringar oppstår. Vi skal gripa inn når noko skjer. Vi skal bygge relasjonar både til barn og foreldre. Vi skal vere samkøyrt, engasjerte og by på oss sjølv.

4. Ansvar- og rollefordeling

Det er verksemdsleiar som har det overordna ansvaret for eit trygt og godt barnehagemiljø. Dei pedagogiske leiarane har ansvaret for å observera å ha oversikta over dei enkelte barna på si avdeling. Alle tilsette har eit ansvar for å førebyggja negativ åtferd. Dersom nokon ser krenkingar har alle eit ansvar for å stoppe dette. Det er pedagogisk leiar som har ansvaret for å laga ein tiltaksplan.

5. Definisjon av ulike omgrep

5.1 Krenking

Med krenking meinast negativ handling mot andre personar som blir opplevd som nedlatande, sårande, fornærmande eller som uthenging.

Kjenneteikn for krenking er ord og/eller handlingar som vekker negative kjensler i mottakaren. Krenking kan vere bevisste eller ubevisste negative handlingar. Krenking er ei enkelhending, medan mobbing er dersom det skjer gjentatte gonger over tid. Vi er ulike og har ulike tolegrensar for kva vi toler. Det er barnet si oppleving av situasjonen som er det viktige her.

5.2 «Trygt og godt» barnehagemiljø

Med ”trygt og godt” meiner vi at barna opplever å ikkje bli krenka i barnehagen. Det er eit mål at alle skal kjenne seg trygge både fysisk og psykisk, og at alle er greie og tar omsyn til kvarandre. Alle skal tørre å gi beskjed dersom noko skjer og tørre å vere seg sjølv.

Barna skal vere i trygge relasjonar. Ha gjensidig respekt for kvarandre. Barna skal kjenne seg både ivaretatt og verdsett. Dei skal ha trygge og varme vaksne som er tilgjengelege.

5.3 Sårbare barn og barnegrupper

Det å vera sårbare handlar om å være utsett, det handlar om å stå i fare, i motsetning til å vere beskytta. Anthony og Coler (1987) definerer sårbartheit som det motsette av resiliens. Dersom vi skal bruke denne definisjonen kan vi kalle dei sårbare barna for dei som visar eit mønster av negativ tilpassing under belastande omstende. Vi må også sjå dei sårbare barna i forhold til risikofaktorar som, mellom anna kan bestå av:

- Dei som har det vanskeleg heime
- Psykisk eller fysisk sjuke foreldre
- Låg sosioøkonomisk status
- Utfordringar med tilknytning og sosial kompetanse
- Forseinka utvikling
- Dei som er utsett for mobbing
- Fleirspråklege barn
- Høgsensitive barn
- Mangel på sosial støtte eller nettverk
- Dei stille og dei utagerande barna

Desse faktorane for sårbarheit kan bli forsterka dersom barnehagen ikkje legg til rette for eit godt og trygt barnehagemiljø. Dersom barnehagen får være ein meistringsarena der barna opplever tryggleik og trivsel, kan barnehagen hjelpe med å redusere sårbarheita.

Sårbarheita kan komme fram i form av mange uttrykk. Utagerande åtferd eller at nokon barn lukkar seg.

Covid-19

Dersom barnehagane kjem på rødt nivå i forhold til smittevern, skal sårbare barn føljast ekstra tett opp.

- Jamleg kontakt med heimen.
- Jamlege samtaler med barnet.

5.4 Nulltoleranse mot mobbing

Barnehagen har nulltoleranse mot krenkingar. Vi jobbar med tidleg innsats, og er tydelege på at negative handlingar er uakseptabelt. Grip inn så tidleg så mogleg å sett inn tiltaksplan.

Vi må vere tilgjengelege og observere, og rettleie tidleg dersom nokon har begynnande mobbeåtferd. Nulltoleranse er også ein grunnleggjande haldning hjå dei tilsette. Det negative som skjer skal lærest om til proaktive handlingar.

6. Førebyggjande tiltak på barnehage-, gruppe-, og individnivå

Barnehagen jobbar kontinuerleg med førebyggjande tiltak for å få til eit trygt og godt barnehagemiljø.

Tiltak på individnivå
Møter barna med namn i garderoben
Er autoritative vaksne
Anerkjennande og vaksne som er tilgjengelege
Gir vegleiing til barna
Ser det enkelte barnet
Stoppregelen
Primærkontaktar til kvar enkelt barn

Tiltak på gruppennivå
Trygge vaksne på dei ulike vaktene
Gode rutinar
Faste plasser
Dele avdelingane i fleire grupper
Vera stillasbyggjararar
Bruke naturen aktivt

Tiltak på barnehagenivå
Samarbeidsutval
Foreldremøte
Foreldresamtalar
Være saman
Jobbe med sosial kompetanse
Kompetanseheving i personalet
Samarbeid heim-barnehage
Brukundersøkingar

7. Rutinar for kommunikasjon og informasjon

Barnehagen har plikt til å informere barn og foreldre om retten til eit trygt og godt barnehagemiljø, aktivitetsplikta og høve til å melde saka til statsforvaltaren.

Når	Kva	Kven
På første foreldremøte om hausten	Informasjon om retten til eit trygt og godt barnehagemiljø og handlingsplanen.	Verksemdsleiar
Handlingsplanen er gjort kjent for foreldra	Handlingsplan ligg tilgjengeleg på heimesida. Ved behov nyttar vi tolk.	Verksemdsleiar
I konkrete hendingar	Vi tek kontakt med føresette ved episodar og hendingar i barnehagen. Vi gir informasjon om og bruker tiltaksplanen.	Pedagogisk leiar
Foreldremøte ved behov	Ved behov har vi temamøte i barnehagen om barnehagemiljøet.	Verksemdsleiar

8. Varslingsplikt

Alle som arbeider i barnehagen, skal varsle avdelingsleiar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Avdelingsleiar tek dette vidare til verksemdleiar. Det skal lagast ein aktivitetsplan. Dette er det ein eigen mal på.

Verksemdsleiar skal varsle barnehageeiger i alvorlege tilfelle. Eksempel på dette kan vera

- Særlege valdelege hendingar, utesettenging, diskriminering eller trakkassering.
- Saker som har gått over lang tid utan å finne ei løysing

Dersom ein tilsett opplever at ein kollega krenkjer barna, er varslingsplikta skjerpa. Då skal verksemdeleiar varslast med ein gong. Hendinga/forholdet skal straks meldast vidare til barnehageeigar.

Dersom det er barnehagen si leiing som krenkjer barn, skal den som får kjennskap til dette, melde frå til barnehageeigar. Teieplikta er ikkje til hinder. Melding sendes som internt notat i Public 360 til barnehagesjef. Dersom det er ein verksemdeleiar som krenker eit barn skal den tilsette melde frå direkte til barnehagesjef.

9. Konkrete rutinar knyta til kvar enkelt av delpliktane i § 41

Delpliktene i § 41	Kva	Ansvar
Førebyggje	<p>«Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.»</p> <p>Sjå plan på korleis ein arbeider både på individ, gruppe og barnehagenivå.</p>	Alle tilsette
Følje med	<p>Alle tilsette skal aktivt følje med om barna har det trygt og godt i barnehagen.</p>	Alle tilsette
	<p>«Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utesenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering.»</p> <p>Alle tilsette skal følje med.</p>	Alle tilsette
	<p>Dei tilsette skal ha kompetanse i å vite at reaksjonar som aggressjon og tilbaketrekkning kan vere teikn på at barna er utrygge og ikkje trivs.</p>	Verksemdeleiar/ Pedagogisk leiar
	<p>Barnehagen har faste systematiske observasjoner med Alle med, og gjennomførar Barnesamtaler årleg.</p>	Pedagogisk leiar
	<p>Alle tilsette skal vere særskilt merksame på sårbare barn.</p>	Alle tilsette
Gripe inn	<p>«Alle tilsette har plikt til å gripe inn ved krenkingar. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.»</p>	Alle tilsette
	<p>Den tilsette har ikkje plikt til å utsetje seg sjølv for fare.</p>	Alle tilsette
	<p>Fysisk makt eller krenking av barna er ikkje tillatt</p>	Alle tilsette

10. Rutinar for undersøkingar i saker etter § 42

Barnehagen må utvikle ein kollektiv medvit på verdien av eit inkluderande trygt og godt barnehagemiljø, i det førebyggande arbeidet med barn og barnegrupper.

Det skal være klare retningslinjer internt for korleis ein tilsett melder bekymring for barns psykososiale barnehagemiljø og korleis negative hendingar blir rapportert.

Delpliktene i § 42	Kva	Ansvar
Følje med	Alle tilsette skal følge med og aktivt observere korleis elevane har det, både kvar for seg og dei imellom. Sjå plan for § 41	Alle tilsette
Varsle	Alle tilsette har plikt til å varsle avdelingsleiar ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har det trygt og godt.	Alle tilsette
	Alle tilsette har plikt til å varsle verksemdsleiar dersom eit barn blir krenka av vaksne	Alle tilsette
	Verksemdsleiar skal varsle barnehageeigar ved alvorlege situasjonar mellom barna.	Verksemdsleiar
	Verksemdsleiar skal varsle barnehageeigar dersom ein vaksen krenkjer eit barn.	Verksemdsleiar
Undersøkje	Ved mistanke eller kjennskap til at ein barn ikkje har det trygt og godt, skal barnehagen undersøkje barnet sitt barnehagemiljø. Terskelen for å undersøkje er låg.	Pedagogisk leiar og avdelingsleiar
	Barnehagen skal alltid undersøkje dersom foreldra eller barnet sjølv melder i frå.	Pedagogisk leiar og avdelingsleiar
	Undersøkingar kan vere observasjon, kartleggingar, samtalar m.m.	Pedagogisk leiar
	Barnehagen skal alltid høre dei barna som er involvert.	Pedagogisk leiar
	Det må bli henta inn tilstrekkeleg informasjon til å opplyse saka for å kunne setje inn tiltak som er naudsynt for å utbetre situasjonen.	Pedagogisk leiar
Tiltak	Det skal settast inn tiltak som er eigna til å rette opp og sikre barnet eit trygt og godt barnehagemiljø	Verksemdsleiar
	Det skal settast i verk tiltak både når barnet sjølv	Verksemdsleiar

	og/eller foreldra melder i frå.	
	Aktivitetsplanen skal vere skriftleg.	Avdelingsleiar
	Barnet skal alltid høyrist i saka	Pedagogisk leiar
	Avdelingsleiar skal informere foreldra om tiltaksplanen.	Avdelingsleiar
	Tiltaka gjeld uavhengig av årsak, eller forhold som gjeld fritid og/eller heime.	
	PPT og TBT (tverrfaglig barnehage team) kan bidra med hjelp og råd i komplekse saker. Dei kan også barn hjelpe barnehagen i førebyggjingsarbeid.	

11. Konkrete rutinar knyta til kvar enkelt av delpliktane i § 43

Delpliktene i § 43	Kva	Ansvar
Følje med	Ein skal vere merksam på at alle vaksne har ein anerkjennande veremåte overfor barna, og at ingen vaksne krenker barn.	Alle tilsette
Varsle	Alle tilsette har plikt til å varsle verksemdsleiar straks, ved kjennskap til at ein kollega krenker eit barn.	Alle tilsette
	Verksemdsleiar skal varsle barnehageeigar dersom eit barn blir krenka av ein voksen.	Verksemdsleiar
	Dersom verksemdsleiaren er den som krenker eit barn skal den som ser det melde frå til barnehageeigar direkte. Melding sendes som internt notat i Public 360 til barnehagesjef.	Alle tilsette

12. Rutinar knyta til korleis den skjerpa aktivitetsplikta overfor særskilt sårbare barn

Barnehagen har ansvar for å leggje til rette for eit godt og trygt barnehagemiljø, særleg overfor særskilt sårbare barn (Sjå punkt 5. 3). Det handlar om tidleg innsats og vere føre var. Det er difor viktig at barnehagen følgjer særskilt med korleis desse barna har det i barnehagen.

13. Sanksjonar og konsekvensar

Oppvekstsenteret nyttar ikkje andre sanksjonar og konsekvensar enn det som er fastsett i ordensreglementet.

Tett og regelmessig kontakt med heimen. Barnehagen tar raskt kontakt med heimen når eit barn ikkje har det greitt. Vi samarbeider om ein eventuell aktivitetsplan.

14. Informasjonsflyt ved overgangar

14.1 Overgang heim-barnehage

Når	Kva	Ansvarleg
Mars	Søknadsfrist i barnehagen Søknadsprosedyre blir lagt ut på heimesida	Verksemdsleiar
April	Tilbod om plass Foreldra får melding om stadfesta plass	Verksemdsleiar
Mai/ juni	Informasjonsskriv om barnehagen Foreldra får skriv om barnehagen, samt invitasjon til besøksdagar	Verksemdsleiar/ avdelingsleiar
Mai	foreldremøte for nye foreldre. Der vert det gitt informasjon om oppstart, tilvenning, praktisk informasjon om livet i barnehagen.	Avdelingsleiar
Juni	Besøksdagdagar Barna får sjå barnehagen, og møte dei som arbeider der	Pedagogisk leiar
Juni	Skriv til heimen Her kjem informasjon om kva tidspunkt for oppstart er. Og kven som er primærkontakt	
August	Besøksdagar	Pedagogisk leiar

	Det blir sett av fleire dagar, der barna saman med foreldra kan kome å bli betre kjent med barnehagen	
August	Oppstart og tilvenning	Pedagogisk leiar
August	Oppstartssamtale Det blir gjennomført ein samtale mellom pedagogisk leiar og foreldra for å få ein god overgang	Pedagogisk leiar
August	Foreldremøte	Verksemndsleiar

14.2 Overgang lita - stor avdeling

Når	Kva	Ansvarleg
Mai/juni	Informasjon om kva avdeling barnet skal vere på til hausten	Verksemndsleiar
Mai/juni	Relasjonsbygging: Dei tilsette på stor avdeling har særleg fokus i uteleiken til å byggje relasjonar til dei som skal flytte opp til hausten	Alle tilsette
Juni	Overgangssamtale mellom dei pedagogiske leiarane.	Avdelingsleiar
Juni	Besøksdagar: Barnet får besøkje den nye avdelinga, og bli betre kjent med dei som skal vere der.	Pedagogisk leiar

14.3 Overgang barnehage – skule

Mål: Barnehage og skule har etablerte rutinar som gjer overgangane trygge for gruppa og kvar einskild.

Når	Kva	Ansvarleg
November/desember	Innskriving Elevar som skal byrja i 1. klasse, har innskriving eit halvt år før skulestart.	Rektor
November/desember	Infoskriv om SFO og søknadsprosedyre blir lagt ut på heimesida og sendt til komande førsteklassingar samt til elevar på 1.-4. trinn.	Rektor
Mai/juni	Førskuledagar Elevane får møte skulen, læraren og klassen. Samtidig er det eit eige møte med foreldra for å gi informasjon om skulestart og kva som blir forventa.	rektor, kontaktlærar og pedagogisk leiar
Mai/juni	Overgangsmøte mellom pedagogiske leiarar og kontaktlærarar. Føresette, skulehelsetenesta og PPT kan delta i særskilte høve.	Kontaktlærar og pedagogisk leiar

God skulestart Vi jobbar for at skulestart skal vera eit positivt møte med skulen og gi alle elevane ei god oppleving. Det er særskilt viktig med ein godt planlagt start på skuleåret.

Døme på tiltak:

- Skulen startar året med ei samling der ALLE får ei kjensle av fellesskap og at dei er velkomne inn i fellesskapet. Rektor og dei tilsette har ansvar for samlingen.
- Fadderordning for 1. klasse den første tida.
- Før første time står læraren i døra og handhelsar på kvar einskilde elev med namn.

- Pultane må stå klare med namn, evt. klassekart. Namn på knaggar og hyller.
- Elevane får timeplan/vekeplan.
- Sommarprat, gode og mindre gode minner frå førre skuleår, forventningar til det nye skuleåret.
- Elevane skal raskt bli kjent med lærarane som skal jobbe med klassen.

15. Oppfølging av brukarundersøkingar

Oppvekstsentera gjennomfører årleg undersøkingar for å avdekke mobbing og krenkande åtferd. Ein har barnesamtaler og tar Foreldreundersøkinga til Utdanningsdirektoratet.

Det er verksemdsleiar som er ansvarleg for at det blir gjennomført.

Resultat frå foreldreundersøkinga blir lagt fram og drøfta i FAU, i personalmøte og i SU så snart resultatet er klart. Resultatet skal samanliknast til resultat frå tidlegare år og det skal vurderast om det er område som krev tiltak.

16. Evaluering av handlingsplanen

Handlingsplanen skal evaluerast årleg/tidleg haust i personalgruppa og i SU.

Det skal vera tett og regelmessig kontakt med heimen. Barnehagen tar raskt kontakt med heimen når eit barn ikkje har det greitt. Vi samarbeider om ein eventuell aktivitetsplan.